



# LAB- nytt nr 1-2009

Aktivert partiell tromboplastintid (APTT)

Cephotest går ut, og blir erstatta av ny metode ved Førde

sentralsjukehus frå 5. mai 2009

Cephotestreagens frå Nycomed for P-APT-tid har gått ut av produksjon og blir erstatta av eit nytt reagens frå Diagnostika Stago.

Den nye APTT- metoden er meir følsam enn Cephotest for faktormangel og intravenøs behandling med ufraksjonert heparin. Ei samanlikning viser at APT- tida blir lengre med den nye metoden.

Referanseområdet for ny APTT - metode er : 28 – 45 sek.

Universitetssjukehusa Haukeland, Ullevål og Rikshospitalet samarbeider om å fastsette terapeutiske måleområde for den nye analysen ved faktormangel og i.v.-heparinbehandling ved ulike sjukdommar.

Inntil det føreligg sikre resultat frå disse studia, er anbefalt terapeutisk område for ny metode ved behandling med i.v. ufraksjonert heparin : 60 – 120 sek

Førde 1. mai 2009

Rune J.Ulvik  
Overlege  
Spesialist i medisinsk biokjemi